Revisjonens anbefalinger blir i stor grad vedtatt av kontrollutvalget, og kontrollutvalgene får i all hovedsak gjennomslag for sin innstilling i kommunestyret. Videre viser evalueringen at anbefalingene i stor grad blir gjennomført av forvaltningen, og fulgt opp av kontrollutvalget. Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har dermed en vesentlig innvirkning på forbedringsarbeidet i forvaltningen. Selv om endringsprosesser kan startes kun ved å «sette fokus på ting», viser evalueringen at en rekke trekk ved revisjonsprosessen kan være med på å påvirke læringseffekten positivt. Involvering av administrasjonen i overordnet analyse, god kompetanse hos revisjonen, og relevante prosjekter med høy kvalitet er alle faktorer som synes å bidra til økt læringseffekt av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har dermed en vesentlig innvirkning på forbedringsarbeidet i forvaltningen.

I rapporten understrekes det at gjennomføring av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har en effekt uavhengig av rådmannens «opplevelse av læring», ved at de er med på å opplyse de folkevalgte i kommunestyret om hvordan forvaltningen utfører oppgavene sine.

Høringer

Evalueringen viser at høringer i regi av kontrollutvalget per i dag er et relativt marginalt fenomen, selv når det legges til grunn en «vid» definisjon. Det er videre klart at flere mener at høring som kontrollform har et svært begrenset anvendelsesområde. Det går også frem at det varierer hva man legger i begrepet «høring».

Videre er det en relativt lav andel av kontrollutvalgene som har utarbeidet reglement for høringer, og det går tydelig fram at de faktiske erfaringene med høringer er varierende. Det som det derimot synes å være stor enighet om, dersom dette er en kontrollform de kommunale kontrollutvalgene skal kunne benytte, er behovet for nasjonale regler og retningslinjer for høringer.

På NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2015 vil Deloitte foreta en nærmere presentasjon av evalueringsrapporten. Presentasjonen vil bli fulgt opp av en paneldebatt.

Relaterte dokumenter:

- Rapporten «Evaluering Kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat» (Desember 2014) »



Legg til en kommentar ...

Kommenter med ...

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.02.15	03/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2014

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt. 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2014 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2014 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresemdt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014.

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Sauda kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmeldinga for 2014 til orientering.

Aksdal, 16.02.15



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING 2014

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Inge Løyning – leiar

Wenche Pleym – nestleiar

Katrine Skorpe

Varamedlemer:

1. Egil Bakke

2. Sjur Hatlen

3. Anne Grethe Lindseth

Katrine Skorpe sit fast i kommunestyret og Wenche Pleym er vararepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har delteke på eit av møta i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har delteke på tre av møta i 2014.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 4 ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår.

Utvalet har hatt 22 saker til handsaming, kor 6 saker blei oversendt til kommunestyret. 27 saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Kontrollutvalet sine møte vart haldne for lukka dører fram til 01.07.13. Frå denne dato vart loven endra slik at møta til alle kontrollutval blir no haldne for opne dører. (Kommunelova § 77).

Inge Løyning og Wenche Pleym deltok på FKT-konferansen i Haugesund 3. – 4. juni. Inge Løyning, Wenche Pleym og Katrine Skorpe deltok på haustkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland, 20. november i Sandnes.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føreseigner og god kommunal revisjonsskikk.

I møtet den 05.05.14 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2013. Utvalet hadde følgjande uttale til rekneskapen:

Sauda kommune sin årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/underskot på kr 1,2 millionar.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 5,7 million kroner, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Kontrollutvalet i Sauda har ingen merknader til Sauda kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsbrev og revisjonsberetning.

Skatterekneskapen for 2012 vart lagt fram for utvalet til orientering på møtet den 17.02.14.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedteken av kommunestyret i 2013.

På møtet 17.02.14 valde utvalet «Teknisk eining» som forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2014. Revisjonen utarbeida prosjektmandat som utvalet godkjente på møtet i mai. Endeleg rapport skulle venteleg vera ferdig for handsaming på utvalet sitt møte i november.

Arbeidet med å ferdigstilla rapporten har blitt noko forsinka og vert venteleg klar for handsaming på utvalet sitt fyste møte i 2015.

Utvalet handsama oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten om «Legetenesta» på møtet 05.05.14. Rådmannen gav utvalet ei munnleg orientering om arbeidet som var gjort, og vidare planer for å etterkomme anbefalingane i rapporten.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteken av kommunestyret i februar 2013.

Rapport etter selskapskontroll av Interkommunal Arkiv IKS utarbeida av Rogaland Revisjon IKS blei handsama i 2013. Revisjonen kom med tilrådingar både til selskapet og eigarkommunane. Der tilrådingane til kommunen i stor grad gjaldt opplæring av eigarrepresentantane og habilitetsvurdering av valkomiteen.

Utvalet handsama oppfølging av denne rapporten på møtet 17.02.14. Interkommunalt Arkiv IKS ved daglig leiar hadde i ein e-post gjort greie for at dei i stor grad hadde etterkomme revisjonen sine tilrådingar. Kommunestyret handsama saka om oppfølging på sitt møte 09.04.14.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Utvalet handsama sak om bruk av opsjon for å forlengja revisjonsavtalen med KPMG AS fram til 30.06.16 på sitt møte 15.09.14. Kommunestyret handsama same sak 22.10.14, sak 72/14 og gjorde følgjande vedtak:

Sauda kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Sauda kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon og prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Teknisk eining». Utvalet har handsama revisor si egenerklæring.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna om legesenteret og om teknisk eining. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, KOSTRA-tall, Kommunebarometeret, mv.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2014:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2014 (utvalet)	REKNESKAP 2014
Godtgjersle og driftsutgifter	(ført på 1000)	84 937	(ført på 1000?)
Revisjonstenester	Ca 310 000	386 000	341 305
Sekretariatstenester	141 000	147 000	147 000
Sum utgifter (eks.mva.)		617 937	

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for kontroll- og tilsyn 2015. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 636 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2014, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie.

Sekretariatet har eigne heimesider der mellom anna sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut på fortløpande.

Egil Bakke er vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, med Stian Bjørheim som vara. Bakke deltok på representantskapsmøtet 28.04.14.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore nokolunde som planlagt. Det har blitt bestilt ein forvaltningsrevisjonsrapport (ferdig i 2015) og to rapportar har blitt fylgt opp. Administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sauda, 23. februar 2015

Wenche Pleym

Inge Løyning
Leiar

Katrine Skorpe

VEDLEGG

OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/14 Godkjenning av protokoll 14.10.13**
- 02/14 Referatsaker 17.02.14**
- 03/14 Kontrollutvalet si årsmelding for 2013**
- 04/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt**
- 05/14 Oppfølging av selskapskontroll – Interkommunalt arkiv Rogaland**

- 06/14 Godkjenning av protokoll 17.02.14**
- 07/14 Referatsaker 05.05.14**
- 08/14 Sauda kommune sin årsrekneskap 2013 – kontrollutvalet sin uttale**
- 09/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Legetenesta»**
- 10/14 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Teknisk eining»**

- 11/14 Godkjenning av protokoll 05.05.14**
- 12/14 Referatsaker 15.09.14**
- 13/14 Revisor si egenerklæring – frå KPMG AS**
- 14/14 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014**
- 15/14 Revisjonsavtalen - bruk av opsjon med forlenging til 30.06.16**
- 16/14 Reglementet for kontrollutvalet - endring vedr. kap. 8 om høyring**
- 17/14 Budsjett 2015 – kontroll og tilsyn**

- 18/14 Godkjenning av protokoll 15.09.14**
- 19/14 Referat- og orienteringssaker 17.11.14**
- 20/14 Orientering om framlegg til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018**
- 21/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015**
- 22/14 Møteplan for kontrollutvalet 2015**

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2014
2. Haustkonferansen i Sandnes – munnleg orientering
3. K-st vedtak 18.12.13, sak 101/13 – rapport om Legetenesta
4. Årsrapport 2013 - frå Skatteoppkreveren i Sauda
5. Skattereknskapen 2013
6. Automatisk svar på henvendingar til kommunen, e-post frå Solfrid L. Handeland
7. Informasjon om statlige tilsyn med kommuner og fylkeskommuner i Rogaland 2014
8. Gjeldende prosedyrer for innkjøp og mottakskontroll i Sauda kommune
9. NKRF-kontrollutvalgskonferanse 2014 – munnleg orientering

10. Statusrapport pr. mai 2014
11. Kontrollrapport 2013 frå Skatteetaten
12. K-styrevedtak 09.04.14, sak 17/14 – Oppfølging IKA IKS
13. Representantskapsmøte 24.04.14 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
14. Representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte 28.04.14 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
17. Årsmøte 05.06.14 – Ryfylke IKS

18. Statusrapport pr. 15.09.14
19. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
20. KS – lokale og regionale prosesser vedr. kommunereformen

21. Statusrapport pr. november
22. Statusrapport om situasjonen på legesenteret – munnleg v/rådmannen
23. Statusrapport om situasjonen på teknisk eining – munnleg v/rådmannen
24. Framlegg til «Årshjul» for kontrollutvalet
25. K-styrevedtak 22.10.14, sak 72/14 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
26. K-styrevedtak 22.10.14, sak 73/14 – Reglementet for kontrollutvalget – endring
27. Invitasjon til konferanse i Sandnes 20.11.14 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.02.15	04/15
Kommunestyret	18.03.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

FORVALTNINGSREVISJONRAPPORT – «TEKNISK EINING»

Saksvedlegg: Rapport frå forvaltningsrevisjon av «Teknisk eining» – utarbeida av KPMG AS

Bakgrunn:

I ny plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for Sauda kommune var revisjon av teknisk eining eit av dei prioriterte områda.

Kontrollutvalet starta våren 2014 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. Utvalet gjorde på møte i februar vedtak om at revisor skulle utarbeidde ein prosjektplan.

I møte 05.05.14 blei prosjektplanen framlagd og utvalet gjorde følgjande vedtak i sak 10/14:

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.14:

Sauda kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk eining – sakshandsaming og prosessar», hovudproblemstilling 1 . Dette i fylgje vedlagte prosjektplan av 11.04.14 frå KPMG AS. Ramma for prosjektet vert sett til 235 timar.

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet og rapporten har vore på høyring til rådmannen.

Foremål og problemstillingar:

Utvalet bad revisor sjå nærare på desse problemstillingane:

I forvaltningsrevisjonen har vi nytta fylgjande hovudproblemstilling:

I kva grad har Teknisk eining saks- og arbeidsprosessar og system/verktøy som understøttar og gjer det mogleg å nå målsettingar og krav til tenestene?

Med følgjande underproblemstillingar:

- 1. I kva grad framstår saks- og arbeidsprosessar som tenelege, herunder:*
 - a. Er saks- og arbeidsprosessar standardiserte og dokumenterte?*
 - b. Er saks- og arbeidsprosessar utforma på ein effektiv måte?*
 - c. Tek saks- og arbeidsprosessar i vare behov for koordinering; internt og mot eksterne samarbeidsaktørar?*
 - d. Tek saks- og arbeidsprosessar i vare behov for informasjon og kommunikasjon med søkarar?*

- e. Føreligg det skriftlege rutinar for gjennomføring av saks- og arbeidsprosessar?*
- f. I kva grad er ansvars- og oppgåvefordelinga i saks- og arbeidsprosessar avklart?*
- 2. I kva grad har eininga tenelege system/verktøy som understøtter ein effektiv styring med og gjennomføring av saks- og arbeidsprosessar?*
- 3. Kva er hovudutfordringane knytt til saks- og arbeidsprosessar og system/verktøy?*
- 4. Kva forbetringstiltak bør settast i verk, og kvifor?*

Saksutgreiing:

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Her kjem også revisor sine tilrådingar fram. Føremål, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Fakta og vurderingar vert presentert i kapittel 2 og tilrådingar følgjer i rapportens kapittel 3. Uttale frå rådmannen er teke inn i kapittel 4. I vedlegg 1 finn ein revisjonskriteria.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- 1. Å vurdere om det finst meir hensiktsmessige måtar å organisere teknisk eining på, som kan bidra til at ein i større grad klarer å ivareta krav til tenestene.*
- 2. Å ta avgjersle på kor vidt ein ynskjer at kommunen skal investere i system og verktøy, som kan bidra til meir effektiv sakshandsaming og potensielt lette kvardagen til sakshandsamarane i kommunen.*
- 3. At kommunen prioriterer så raskt som mogleg å få ferdigstilt det pågåande arbeidet med å etablere prosessar og flytskjema.*

Tilrådingane er meir utfylljande gjort greie for på side 19 i rapporten.

Rådmannen sine kommentarar:

Rapporten etter forvaltningsrevisjon ved Tjenesteområde Teknisk i Sauda kommune viser i all hovedsak problematikk som sammenfaller med rådmannens erfaringer. Derfor er det startet flere prosesser med mål om å få raskere og bedre behandling av byggesaker.

Selv om prosesser er i gang ser vi det som svært nyttig å få en slik rapport. Flere av tiltakene som er skissert fra KPMG er tiltak vi arbeider med eller har planlagt å start opp. Tiltak som vi selv ikke har vurdert vil bli vurdert nå når vi har rapporten. Vi ønsker også å benytte tilbudet om møte med KPMG for å gå gjennom funn og mulige tiltak.

Tjeneste område teknisk er med i prosjektet "Næringsvennlig kommune." Når vi ser resultatene av de undersøkelsene som blir gjennomført i prosjektet vil vi selv samordne resultatene med funnene i denne rapporten.

Videre arbeide med forbedringer når det gjelder byggesaksbehandling og utslipssøknader vil gjøres gjennom en forbedringsplan.

I den grad vi finner det nødvendig med bemanningsøkning vil vi legge dette fram for politisk behandling.

Vi vil orientere kommunestyret om forbedringsarbeidet underveis.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjera vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar.

Kontrollutvalet er pålagt en oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til rapporten jfr Kontrollutvalsforskrifta § 12, slik at Sauda kommune blir bedt om å gje ei tilbakemelding på vidare arbeid om cirka eit halvt år etter vedtak i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saken. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Sauda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Teknisk eining» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 16.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.02.15	05/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - «INTERNKONTROLL»

Saksvedlegg: «Internkontroll – med eit særskilt blitt på innkjøp» – prosjektplan frå KPMG AS

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Kontrollutvalet vedtok på møtet den 17.11.14, i sak 21/14 følgjande:

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.14:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Internkontroll, med særleg fokus på innkjøp" til utvalet sitt neste møte, 23.02.15.

Saksorientering:


KPMG AS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som ligg ved. I utkastet er aktuelle problemstillingar i samband med ein forvaltningsrevisjon av «Internkontroll – med særskilt blikk på innkjøp» gjort greie for.

KPMG AS vil gjennomføra prosjektet våren/hausten 2015, for å levere rapport hausten 2015. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 240 timar. Det er budsjettert med ei ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på inntil ca. 250 timar for 2015.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sauda kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Internkontroll – med eit særskilt blikk på innkjøp» i fylgje vedlagte prosjektplan frå KPMG AS / med desse endringane: Ramma for prosjektet vert sett til 240 timar.

Aksdal, 16.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKK
Mottatt dato: 21.02.2015
Journalført: 157/2015
Arkivkode: 216

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon

"Internkontroll – med eit særskilt blikk på innkjøp"

Sauda kommune
9. februar 2015

Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	4
2.1	Føremål og avgrensingar	4
2.2	Problemstillingar	4
3	Revisjonskriteria	5
4	Tilnærming	6
4.1	Metode	6
4.2	Aktivitets- og framdriftsplan	6
5	Utførande revisorar	8
6	Honorar	9

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

I møtet 17.11.2014 bad kontrollutvalet i Sauda kommune KPMG om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt "Internkontroll, med særleg fokus på innkjøp". Utkastet vil bli handsama i kontrollutvalsmøte 23.02.2015.

1.2 Bakgrunn

Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015 vart vedteke i kommunestyret hausten 2012. Tema internkontroll og innkjøp er to av totalt fem prioriterte tema i planen. Begge desse tema er plassert under området Administrasjon/fellestenester. Under kvar av tema i planen står det høvesvis:

*I ei spørjeundersøking til einingsleiarane meinte 50% at **internkontrollen** i kommunen har eit forbettringspotensiale. Respondentane oppga mellom anna årsaker som nedprioritering, tid og at det trengs ressursar for å få eit internkontrollsystem til å fungere bra. Det er også om lag 50 % som meiner at kvalitetssikring og avvikshandtering i liten eller svært liten grad blir vektlagt i kommunen. Ikkje god nok opplæring, manglande fokus og leiingssvikt er moglege årsaker som vert nemnt.*

*Det gjekk fram av intervju at fleire nemner **innkjøp** som eit område som kan vere aktuelt for ein forvaltningsrevisjon. Dei meiner mellom anna at innkjøp kan bli gjennomført på ein meir effektiv og korrekt måte enn det som er tilfelle i dag. Også i økonomiplanen for 2010-2014 vert innkjøp nemnt som eit område med risiko for feil. Her har kommunestyret bede rådmannen vurdere andre måtar å inngå kontrakt på, for å hindre overskridingar av bevilga sum til prosjekt (som har vore tilfellet tidlegare). I intervju vert det også nemnt at det har vore uklarleikar knytt til anvisningar, og at ikkje alltid er like klart kven som kjøper kva.*

Kontrollutvalet har i møtet 17.11.2014 vald å slå desse tema saman, nærare bestemt ved å sjå på internkontroll med særleg fokus på innkjøpsområdet.

1.3 Førebuingar

1.3.1 Gjennomførte aktiviteter i førebuingssfasen

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuingssfasen er viktig, dette for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

KPMG vart i kontrollutvalsmøte 17.11.2014 bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. Som ledd i førebuingane av prosjektet har vi gjennomført fylgjande aktivitetar:

- Samtalar med høvesvis rådmann og kommunalsjef for fellestenester. Føremålet har vore å få innspel knytt til mellom anna kva einingar som er mest involvert i innkjøp og kvar det er mest utfordringar på innkjøpsområdet.
- Samla inn og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen: Årsmelding for 2013, Perioderapport 2. tertial 2014, økonomiplan for høvesvis 2010-2014 og 2015-2018.

Nedanfor følger er ei kortfatta skildring av internkontroll, risiko knytt til innkjøpsområdet, og sentrale einingar, basert på den innleiande gjennomgangen. Skildringa gir ikkje eit uttømmande bilete av kommunen sitt arbeid på området og er ikkje verifisert av kommunen. Skildringa gir eit førebels bilete.

1.3.2 Definisjon av internkontroll

Internkontroll kan definerast som *ein prosess (kontinuerlige oppgåver og aktivitetar) satt i verk og utført av ei verksemd sitt styre, leiing og andre tilsette, utforma for å gi rimelig sikkerheit til at verksemda når måla sine knytt til drift, pålitelig rapportering og etterleving av gjeldande lover og reglar*. Internkontrollen består grovt sett av fem komponentar som heng saman med kvarandre:

- *Internt kontrollmiljø* - Dei standardar, prosessar og strukturar som gir grunnlaget for internkontroll, frå "tonen frå toppen" og etiske retningslinjer, til fordeling av mynde og ansvar, krav og incentiv.
- *Risikovurdering* - Identifisering og vurdering av risiko knytt til dei ulike måla verksemda ønsker å nå. Her høyrer til ein føresetnad om at verksemda sett tydelege målsettingar.
- *Kontrollaktivitetar* - Handlingar etablert gjennom retningslinjer, prosedyrar og rutinar som reduserer risiko, gjennomført på alle nivå, til dømes arbeidsdeling.
- *Informasjon og kommunikasjon* - Innhenting og bruk av relevant informasjon/rapportering av høg kvalitet, og god kommunikasjonsflyt oppover, nedover og på tvers av verksemda, samt eksternt.
- *Oppfølgingsaktivitetar* - Løpande eller frittstående evalueringar av om alle komponentane er til stade og fungerer, som kommuniserast til leiinga og gir grunnlag for forbetring av komponentane.

Frå eit strategisk perspektiv handlar internkontroll om dei etablerte, felles styringssystem og verktøy som leiinga har innført for å nå verksemda sine mål. Frå eit meir operasjonelt perspektiv dreier det seg om dei faste prosessane og praktiske aktivitetane i tenesteproduksjonen og støtteprosessane.

Eit kvalitetssystem er tett forbunde med internkontrollen i ei verksemd, då det regulerer korleis prosessar og arbeidsoppgåver skal gjennomførast og inneheld prosedyrar og rutinar som skal sikre roller og ansvar til den enkelte. Dette for å sikre kvalitativt gode prosessar og tenester som og tek i vare gjeldande krav. Prosedyrane og rutinane bygger ofte på det regelverk og dei føringar, både eksterne og interne, som regulerer verksemda. Med andre ord er kvalitetssystem eit praktisk styringsverktøy som sikrar tydelegheit rundt interne prosedyrar, oppgåver og ansvarsforhold – noko som er med på å styrke internkontrollen. Tekniske kvalitetssystem inneheld svært ofte avviksmodular som kan brukast til å rapportere, handtere og dokumentere avvik og ansvar for tiltak knytt til prosedyrar og rutinar. Dette gir nyttig informasjon til korleis internkontrollen faktisk fungerer og gir grunnlag for å forbetre kontrollaktivitetar og prosessar.

Internkontroll er eit ansvar som kviler på rådmannen i ei kvar kommune. Det å syta for tilstrekkelege og gode system, rutinar og prosedyrar vert som oftast i stor grad delegert ut i organisasjonen. Støtteiningar er ofte svært sentrale i dette arbeidet.

1.3.3 Litt om internkontroll i Sauda kommune

Sauda kommune bruker styringskort som styringsverktøy - både for kommunen overordna sett og for dei ulike tenesteområda. Desse er basis for både planlegging og rapportering, og inneheld formulerte mål og resultat frå siste målingar for tenesteområda. Styringskorta følgjast opp ved rapportering i perioderapportar kvart tertial.

Plan- og beredskapskoordinator i rådmannen sin stab er og koordinator for kvalitetssystemet. Ifylgje årsmelding for 2013 er kvalitetsarbeidet i Sauda kommune ført vidare med verktøyet Kvalitetslosen, både når det gjeld dokumentasjon, avviksbehandling og forbettringsforslag. Kvalitetssystemet har òg modul for varslings etter arbeidsmiljølova §§ 2-4, 2-5 og 3-6. Det er mellom anna gjennomført kurs i HMS for alle tilsette.

Det er ei opplevd utfordring i kommunen at kvalitetsarbeidet ikkje vert bli prioritert i same omfang i alle tenesteområde. Mellom anna er det behov for å etablere fleire prosedyrar. Kvalitetssystem synast å forbindast mest med HMS og i mindre grad nyttast systematisk for styring av kjerneprosessar.

1.3.4 Risiko knytt til innkjøpsområdet i Sauda kommune

Av økonomiplan 2015-2018 går det fram at det er eit stort behov for vedlikehalds- og prosjektaktivitet i Sauda kommune framover, sjølv om nokre investeringar må utsettast grunna den økonomiske situasjonen i kommunen. Årsmeldinga for 2013 viser at ei rekke prosjekt blei ferdigstilt eller starta opp i 2013, til dømes ombygging av Leabøen barnehage, Biblioteket, Rådhusplassen, VA i Djupadalen og ein ny barnehage. I 2014 har prosjektering og bygging av eit utebadeanlegg vore ute på anbod. Det går fram av økonomiplan 2015-2018 at det er ført opp til saman 63 mill. kr. til investeringar i 2015.

Aktivitetane inneber mange innkjøp av ulike størrelse. Kommunen har sjølv i økonomiplanen for 2010-2014 identifisert innkjøp som eit område med risiko for feil som kan påverke økonomien til kommunen på ein negativ måte. Her har kommunestyret bede rådmannen vurdere andre måtar å inngå kontrakt på, for å hindre at det skjer overskridingar av budsjett. Frå oppdatert økonomiplan 2015-2018 inngår det ikkje fram nokon klare oppdaterte risikobetraktningar eller fokusområder knytt til innkjøpsområdet/kontraktar, eller til internkontroll elles. Det kjem likevel fram gjennom samtalar at innkjøp er eit område kor kommunen jobbar med rutinar og er opptatt av forbetring.

Kommunen har inngått eit interkommunalt innkjøpssamarbeid med kommunar på Haugalandet for å oppnå eit meir robust fagmiljø. Då det ikkje finnast eigne innkjøpsfaglege ressursar internt kjøper kommunen mykje eksterne tenester for å kvalitetssikre innkjøpsprosessane sine.

Ut i frå denne førebuande kartlegginga, ligg det føre risiko for manglar på fleire område:

- Etterleving av regelverk
- Innkjøpsfagleg kompetanse
- Utforming av kontraktar
- Tid og kompetanse på oppfølging av kontraktar

1.3.5 Sentrale einingar som er involvert i innkjøp

Fellestenester er leia av kommunalsjef for fellestenester og er ein stabs- og støttefunksjon i Sauda kommune. Området består av 21,14 årsverk og har følgande funksjonar: 1) Økonomi og innkjøp, 2) IKT, 3) Lønn og personal, 4) Kundetorg – inkl. politisk sekretariat, 5) Plan, kvalitet og beredskap og 6) Kommuneoverlege og miljøretta helsevern (interkommunale samarbeid). Hovudoppgåva for fellestenester er å yta service til dei ulike tenesteområda i kommunen for å støtta dei i si tenesteyting. Fellestenester har også prosjektleiing for Sauda sitt omstillingsprogram, og driv arbeid retta mot nærings- og samfunnsutvikling i Sauda, samt interne utviklingsprosessar.

Kommunalsjef for fellestenester er involvert i mange innkjøpsprosessar, og har hovudkontakta mot næringslivet. Det er ikkje ei eiga avdeling eller tilsette dedikert til innkjøpsområdet. I den siste tida har det vore gjort eit arbeid med å få på plass fleire rammeavtalar i kommunen. Økonomiavdelinga forvaltar rammeavtalene i etterkant av at dei er inngått. Det opplysast om at det ikkje er planar om å inngå fleire rammeavtalar framover. Hovudvekta av innkjøp vil ligge innan bygg og anlegg, kor teknisk eining normalt sett har ei sentral rolle.

Teknisk eining er leia av kommunalsjef teknisk og delt inn i tre område/avdelingar; brann, plan og drift. Teknisk eining driv ei rekke prosjekt i kommunen og har tidlegare erfart store kostnadssprekkar i prosjekt. Det går og fram av årsmeldinga for 2013 at teknisk eining tidlegare har hatt utfordringar knytt til låg bemanning. Det heiter der at situasjonen på prosjekter er kritisk, då etterslepet og forventningane er høge og ressursane små. Det har nyleg blitt tilsett ny teknisk sjef og tekniske ingeniørar.

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål og avgrensingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å evaluere i kva grad Sauda kommune har etablert god internkontroll på innkjøpsområdet.

Det er og eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetringstiltak, dersom det blir funne forbetringspunkt.

Presisering og avgrensing: At revisjonen har som formål å evaluere kommunen sin eigen internkontroll på innkjøpsområdet inneber jf. definisjon at den vil sjå på kva prosessar, aktivitetar og system kommunen har etablert for å gi rimelig sikkerheit til at verksemda når måla sine og etterlever gjeldande lover og reglar knytt til innkjøp.

Innkjøpsprosessar kan grovt sett delast inn i to delar: 1) Innkjøp fram til kontraktsinngåing, og 2) oppfølging av kontrakt. Forvaltningsrevisjonen vil ha hovudfokus på internkontroll i innkjøpsprosessen fram til og med kontraktsinngåing/kjøp.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet vert følgande problemstillingar føreslått for forvaltningsrevisjonen:

1. I kva grad er det etablert overordna, interne føringar for internkontroll i kommunen?
2. I kva grad er det etablert eit godt kontrollmiljø på innkjøpsområdet?
 - a. Føreligg det prosedyrar/rutinar for å gjennomføre innkjøp?
 - b. I kva grad er einingar og tilsette sine roller og ansvar knytt til innkjøp definert?
 - c. I kva grad ligg det føre fullmakter for gjennomføring av innkjøp?
 - d. I kva grad ligg det føre rutinar for arbeidsdeling/uavhengig kontroll av dei enkelte innkjøpa?
3. I kva grad ligg det føre rutinar for dokumentasjon av innkjøpsprosessar?
4. I kva grad er ansvar, fullmakter og rutinar formidla og tilgjengeleg for tilsette i kommunen?
5. I kva grad vert grunnleggande krav i regelverket tatt i vare i innkjøp?
6. I kva grad er roller og ansvar for oppfølging av kontraktar etablert?

3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria er:

- Kommunelovens § 23 om administrasjonssjefens oppgaver og myndighet:
 - "Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll."
- God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sine tilrådingar, "rådmannens internkontroll, 2013, samt det anerkjente COSO¹ rammeverket for internkontroll.
- Lov om offentlege anskaffingar
- Forskrift om offentlege anskaffingar

¹ COSO er ei forkorting for The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission, ei arbeidsgruppe av fem organisasjonar som har engasjert seg i å strukturere korleis organisasjonar kan etablere egna effektive styrings- og kontrollstrukturar. Dei fem organisasjonane er American Institute of Certified Public Accountants, American Accounting Association, The Institute of Internal Auditors, Institute of Management Accountants og Financial Executives Institute. I 1992 publiserte COSO rammeverket *Intern kontroll – et integrert rammeverk*. Rammeverket er oppdatert av 2013 og er i dag truleg fortsatt det mest internasjonalt aksepterte utgangspunktet for utvikling av intern styring og kontroll.

4 Tilnærming

4.1 Metode

Det vil bli samla inn dokumentasjon frå kommunen som vil bli nøye gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Det vil deretter bli gjennomført intervju med leiarar og tilsette i kommunen som har ansvar for internkontroll – både overordna og særskilt knytt til innkjøp. Det vil kunne vere relevant å snakke med rådmann, kommunalsjef for fellestenester, plan og beredskapskoordinator og ein prosjektleiar for bygg- og anleggsprosjekt. Val av intervjuobjekt vert avtalt nærare med kommunen.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skriven referat som vert sendt respondenten(e) til verifisering (gjennomlesing og evt. korrigering). Svara frå respondentar vil bli samanstillt med anna dokumentasjonen og vurdert opp i mot revisjonskriteria. Våre funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

For kontroll av etterleving av regelverket, vil KPMG gjere eit tilfeldig utval av 4-6 innkjøp for å vurdere om desse er gjennomført i tråd med grunnleggande krav i regelverket. Vi rår til følgjande utval av innkjøp:

- 2-3 innkjøp med verdi under 500.000 NOK
- 2-3 innkjøp med verdi over 1,6 MNOK

4.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

5 Utførande revisorar

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Roald Stakland

Prosjektleder Director Ole Willy Fundingsrud

Prosjektdeltakarar (kjerneteam)

- Senior rådgjevar Ingvill Strand
- Senior rådgjevar Lena Davik Fjærtøft
- Advokat/senior manager Jørgen Myhre

6 Honorar

lht. avtale

Kontakt oss:

**Roald Stakland
Partner**

T +47 40 63 98 49

E roald.stakland@kpmg.no

**Ole Willy Fundingsrud
Director**

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

**Lena Davik Fjørtoft
Senior Associate**

T +47 40 63 92 64

E lena.fjortoft@kpmg.no

kpmg.no

